



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Rauma kommune

Dato: 16.08.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Hengekøypark i Isterdalen

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om at vi menneske ikkje gjer unødige inngrep i naturen som går ut over dyr, planter og landskap. Vi er også merksame på å verne om ålmenta sine rettar til å bevege seg og opphalde seg gratis i vår unike natur. FNF er no gjort merksame på at det etablert ein hengkøypark i Isterdalen som er avgiftsbelagt (sjå <https://www.trollstigen.no/hengekøyparken>). Slik vi forstår det er denne hengkøyparken etablert nede ved Istra elv i utmarka regulert i kommunens arealplan til LNF ?

Med heimel i Miljøinformasjonslova ber vi om tilbakemelding på korleis denne hengkøyparken er handsama i Rauma kommune i høve til friluftsløva, naturmangfoldlova, plan- og bygningslov og anna passande lovverk.

helsing

Ingbjørn Bredeli
Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal